



Reigstad Bygg og Eigedom AS
Osterfjordvegen 124
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2996 - 20/3564

Saksbehandlar:
Morten Mangerøy Helland
morten.mangerøy.helland@alver.kommune.no

Dato:
22.01.2020

Vedtak om reseksjonering gbnr. 137/800

Vedtak:

I medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar, vert reseksjonering av gbnr. 137/800 seksjon 6 godkjent slik det er søkt om. Seksjonane får fylgjane sameigebrøk, føremål og tilleggsareal.

Seksjonsnr.	Sameigebrøk	Føremål	Tilleggsareal
6	149	Næring	
7	12	Næring	

Saksdokument:

- Reseksjoneringsøknad
- Planteikningar før reseksjonering
- Planteikningar etter reseksjonering
- Situasjonsplan
- Vedtekter for sameige

Bakgrunn

Den seksjonerte eigedomen gbnr. 137/800 utgjer per dags dato eit seksjonssameige bestående av 6 eigarseksjonar der seksjon 6 er ein næringsseksjon, medan dei 5 øvrige seksjonane er bustadseksjonar.

Seksjon 6 er ein næringsseksjon som ligg i kjellar etasjen. Seksjon 6 inneheldt i dag 12 parkeringsplassar. Eigar av seksjon 6 ønskjer no at det skal opprettast ein ny seksjon 7, som består av ein av desse plassane. Resultatet vert då at seksjon 6 inneheldt 11 parkeringsplassar mens seksjon 7 vil vere 1 parkeringsplass.

Sidan stemmetalet ikkje aukar er det ikkje innhenta underteikning frå styret eller andre i sameige.

Alver kommune

Bygning:

J.f. situasjonsplan og planteikningar, består seksjon 6 av 12 parkeringsplassar i kjellaren. Det skal no opprettast ein ny seksjon for ein av desse plassane. Både seksjon 6 og ny seksjon 7 vil ha tilkomst over fellesareal.

Vurdering:

Kommunen finn at søknad om reseksjonering for gbnr. 137/800 seksjon 6, oppfyller krava i lov om eigarseksjonar, og tilrår å godkjenne seksjonering slik omsøkt.

Vidare saksgang:

Vedtaket vert sendt rekvirent med rett til klage jf. Forvaltningslova. Saka vert matrikkelført og faktura for sakshandsaming og tinglysing vert sendt rekvirent. Saksdokument saman med melding til tinglysing vert sendt kartverket når kalgefristen på 3 veker er ute. Ved retur av tinglyst dokument rå kartverket, vert matrikkelbrev for eigedomen etter reseksjonering saman med saksdokumenta sendt rekvirent.

Gebyr:

Søkjær ber kostnad med sakshandsamingsgebyr for seksjoneringssaka etter gjeldande regulativ og dekkar kostnadar knytt til tinglysing av saka.

Klage:

Klagefristen er 3 veker rekna frå dagen de mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga og kva endringar de som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Avdelingsleiar
Kart og oppmåling

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar
Kart og oppmåling

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Seksjoneringsteikningar
Søknad om reseksjonering
Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

Mottakarar:

Reigstad Bygg og Eigedom AS

Osterfjordvegen 5914
124

ISDALSTØ